

**Radøy Bonde- og Småbrukarleg
v/Geir Smith
Radøyvegen 1622, 5936 Manger**

**Til Radøy kommune, formannskapet
Radøyvegen 1690, 5936 Manger**

Radøy Bonde- og Småbrukarlag har tidlegare teke kontakt med Radøy kommune om forbodet mot traktorkøyring på NGIR sine gjenvinningsstasjonar. Me takkar for den støtta me fekk hjå formannskapet som igjen førte til eit «prøveprosjekt» for traktor på Manger gjenvinningsstasjon. Me veit ikkje kva erfaringar ein sit att med etter prøveperioden, men både årstid og den knappe opningstida gjorde vel sitt til at prosjektet neppe vart nokon stor suksess.

Bonde- og Småbrukarlaget er opptekne ev ein god miljøpolitikk. Difor er det skuffande at NGIR har ei så firkanta innstilling. Me fryktar at konsekvensane av ein slik politikk er at mange bønder heller vel å brenna eller dumpa avfallet på eigen grunn framfor å køyra i Kjevikdalen med det.

Bonde- og Småbrukarlaget ser gjerne at Radøy kommune arbeider vidare med å få opna gjenvinningsstasjonane for traktorkøyring att. I tillegg er det eit sterkt ønskje frå medlemmane våre om at det vert **arbeidd med ei ordning for levering også av landbruksavfall/næringsavfall på gjenvinningsstasjonen på Manger**. Me ser for oss ei liknande ordning som den ein har i Kjevikdalen. Ei viss betaling for å kunna levera avfallet i nærområdet må ein godta. Slik det fungerer i dag, er me redd for at langt frå alt avfall hamnar der det bør hamna.

Eit anna problem RBS er oppteken av er handtering av urein landbruksplast. Me synest det er positivt at ei ordning for innsamling av **rein** landbruksplast er på trappene, men den **ureine** plasten samt netta som vert brukt rundt rundballane, kjem ikkje inn under denne ordninga. Med andre ord er problemet berre delvis løyst, og me ber Radøy kommune om å arbeida vidare med å få til ei ordning for innsamling også av denne delen av landbruksplasten.

Med ønskje om felles innsats for å gjera Radøy endå grønar og meir miljøvennleg.

Manger 15.03.17

For Radøy Bonde- og Småbrukarlag
Geir Smith, leiar